



Tingvoll, 17.2.2026

Linja

[post@linja.no](mailto:post@linja.no)

## **HØGSPENTLINE PÅ NORDSIDA AV GRIMSTADVATNET**

Naturvernforbundet får frå tid til anna spørsmål om det let seg gjere å kable høgspintlina som går på nordsida av Grimstadvatnet for å unngå stadige fuglekollisjonar. Så langt vi kan sjå er det tale om spenningsnivå 20 kV i eit landbruksområde. Området har vern, men verneføremålet skal ikkje vere noko problem så lenge ein gjer arbeidet utanom hekketid.

Nyleg har det vore ein kollisjon der ei sangsvane måtte bøte med livet. I tillegg blei det ein terrengbrann, eit uthus som gjekk med og straumstans.

Spørsmålet er:

Har Linja planar om å legge denne kraftlina i kabel i løpet av ikkje så veldig lang tid?

Med helsing

Øystein Folden  
Fylkessekretær